



DET KONGELEGE
KULTURDEPARTEMENT

Samfunnshusets venner c/o Vigdis Bakkebø
Selje Samfunnshus
6740 SELJE

Dykkar ref

Vår ref
17/5109-2

Dato
3. januar 2018

Vedtak i klagesak - Samfunnshusets venner

Kulturredpartementet viser til skriv av 24. oktober 2017 der Samfunnshusets venner klagar over avslag på søknad om tilskot frå ordninga for tilskot til kulturbygg.

Søknaden vert avslegen med følgjande grunngjeving:

"Fylkesdirektøren har gitt søknaden status "ikkje godkjent". Grunnane til dette er at tiltaka i søknaden er ikkje dokumentert fullfinansiert og at søkjar ikkje kan dokumentere rett til bruk av eigedom og anlegg i tråd med krava i retningslinjene pkt. 2.8.3. I søknadssystemet er Selje Samfunnshus A/L registrert som søkjar, men søknaden er signert av Samfunnshusets venner, og det er vedtekter etc. for denne organisasjonen som ligg ved søknaden. Fylkesdirektøren konkluderer på dette grunnlaget med at søkjar reelt sett er Samfunnshusets venner. Grunnboka viser at Selje Samfunnshus A/L har eigedomsrett til bygget. Søknaden vert difor avslått. Søkjar kan fornye søknaden i 2018."

Klaga har kommentert avslagsgrunnane og informerer om at dei pr. dato for klagen har gjort vedtak om å sette i gang ein prosess for å endre namn på eigar av bygget til Samfunnshusets venner og har vore i kontakt med Kartverket for å gjennomføre desse endringane. Dei informerer også om at vedlagt klagen ligg stadfesting på verdien av dugnadsarbeidet som skal utførast, prisvurdert av kvalifisert fagmann i tråd med krava i retningslinjene for ordninga.

Klagesaka vart handsama av fylkesdirektør for næring og kultur som gjorde slikt vedtak:

"Fylkesdirektøren kan ikkje sjå at det er gjort sakshandsamingsfeil, eller at det er nye opplysningar i saka som tilseier at vedtaket om avslag var uriktig på det tidspunktet det vart fatta. Dokumentasjonen som låg føre i søknaden på det tidspunktet fylkesdirektøren gjorde sine endelege vurderingar og gjorde sitt vedtak var ikkje tilstrekkeleg til at denne søknaden kunne godkjennast. Klaga frå

Postadresse
Postboks 8030 Dep
0030 Oslo
postmottak@kud.dep.no

Kontoradresse
Grubbegata 1
www.kud.dep.no

Telefon*
22 24 90 90
Org no.
972 417 866

Avdeling
Kunst- og
museumsavdelinga

Saksbehandlar
Dag Colle
22 24 80 12

Samfunnshusets venner vert ikkje teken til følgje. Klaga vert sendt Kulturdepartementet som klageinstans."

Sogn og Fjordane fylkeskommune har i samsvar med forvaltningslove § 33 tilrettelagt saka, og i ekspedisjon av 13. desember 2017 sendt ho over til Kulturdepartementet for endeleg avgjerd.

I oversendingsbrevet frå fylkeskommunen står det mellom anna skrive:

"Søknaden låg føre innan fristen 30.04.2017. Ved første gongs gjennomgang fann fylkesdirektøren at tilsendt dokumentasjon var mangelfull, og ga i e-post av 27.06.17 utsett frist til 04.07.2017 til å komme med oppdatert dokumentasjon på fleire tilhøve, m.a. dokumentasjon av eigedomsrett og dokumentasjon på fullfinansiering (jf . vedlegg 2). Ny dokumentasjon kom inn 03.07.2017 . Denne kunne heller ikkje godkjennast.

Fylkesdirektøren gjorde sitt vedtak 18.09.2017 basert på at alle søkjarane hadde hatt høve til å rette opp sine søknader. Søknaden som gjaldt Selje samfunnshus kunne på dette tidspunkt ikkje godkjennast for tilskot i 2017. (. . .)

I klagen vert det lagt fram ny dokumentasjon i høve søknaden, men denne har komme til etter at fylkesdirektøren ga søkjar ny frist til å komme med oppjustert dokumentasjon, og etter at fylkesdirektøren gjorde sitt vedtak 18.09.2017 . Den informasjonen som ligg i klagen, låg såleis ikkje til grunn for fylkesdirektøren si handsaminga av, og vedtak om avslag på søknaden. (. . .)

I dette tilfellet har fylkesdirektøren lagt til rette for at søkjar skal ha mogelegheit til å ettersende dokumentasjon som er i tråd med krava i retningslinjene, jf. tilbakemelding til søkjar og kommune datert 27.06.2017 (vedlegg 2) . Her gav fylkesdirektøren informasjon om kva ny dokumentasjon det var naudsynt å sende inn og viste til krava i retningslinjene om kva dokumentasjonen måtte innehalde. Frist for innsending av nye vedlegg var 04.07.2017. Då den tilsende dokumentasjonen ikkje tilfredstilte krava i høve eigedomsrett og finansiering knytt til dugnad, vurderte fylkesdirektøren det slik at søknaden ikkje kunne godkjennast i denne søknadsrunda, og gav avslag.

Endringane klagar viser til i høve eigarforhold vart gjort etter at fylkesdirektøren gjorde sitt vedtak i saka. Det same gjeld tilstrekkeleg dokumentasjon på verdien av dugnadsarbeid, som vart sendt inn etter at vedtaket vart fatta. Søkjar kan søkje på nytt i 2018."

Departementet viser til Sogn og Fjordane fylkeskommune si utgreiing, og er samd i fylkeskommunen sine vurderingar. Departementet kan etter gjennomgang av dokumenta ikkje sjå at det er gjort feil i denne saka.

Klaga vert ikkje teken til følgje.

Med helsing

Stein Sægrov (e.f.)
avdelingsdirektør

Dag Colle
seniorrådgjevar

Dokumentet er signert elektronisk og har derfor ikkje handskrivne signaturar

Kopi
Sogn og Fjordane fylkeskommune

KOPPI